

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 1. desember 2009.

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Arne Vinje, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Solveig S. Abrahamsen, Bjørn Nome, Therese Hauger, Hans Kristian Lehmann, Hans Bakke, Sverre Sæter, Per Dehli, Ketil Kiland og sekretær Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Rolf Helge Grønås og Frida Sviland frå Telemark fylkeskommune og Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 85/2009 Referat frå rådmøte 10. november 2009.

Vedtak: Referat frå rådmøte 10. november 2009 vert godkjent med merknad til sak 84/2009 gjeldande mogleg felles friluftsförvaltning. I vedtaket skal det føyast til ein setning som går på at Vest-Telemarkrådet vil invitere Midt-Agder Friluftsråd til eit seinare møte for å få nærare orientering om deira organisering og aktivitet.

Sak 86/2009 Samhandlingsreformen, vidare arbeid.

Ketil Kiland orienterte nærare om saken. Det skal i nær framtid haldast møte i rådmannsutvalet i KS-Telemark og av sakspapira til møtet går det fram at ein ynskjer å legge den eksisterande regioninndelinga til grunn i det vidare arbeidet. Dette inneber også samarbeid på tvers av regiongrensene der dette er naturleg.

Det vert engasjert prosjektleiarar i kvar enkelt region, og det skal opprettast styringsgruppe og prosjektgruppe i kvar av desse. I tillegg kjem oppretting av arbeidsgrupper i dei enkelte kommunane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og sluttar seg til den skisserte arbeidsmåten. Rådet legg til grunn at saken vert handsama i kvar enkelt kommune.

Sak 87/2009 Landbruket i Vest-Telemark, vidare arbeid.

Det låg føre notat frå rådmannsutvalet med forslag om å kome i gang med offensive tiltak raskare enn det som ligg i vedtak av 13. oktober.

Vedtak: Med utgangspunkt i rapporten frå landbruksutvalet i Vest-Telemarkrådet, skal det nedsetjast ei arbeidsgruppe frå landbruksförvaltninga i kommunane som skal utarbeide ein tiltaksretta handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark. I tillegg til tiltak retta mot næringa, skal gruppa også sjå på organiseringa av oppgåveløysinga innan landbruksförvaltninga i kommunane. Siktemålet med dette er å styrke arbeidet med utviklingsretta arbeid gjennom etablering av nye samarbeidsformer, der ein tek sikte på utnytte den samla kompetansen i regionen best mogleg, sett i høve til dei utfordringar næringa står overfor i tida framover. Som leiar av gruppa vert valt Hans Bakke og sekretærfunksjonen leggjast til VTNU.

Sak 88/2009 Forslag til arbeidsprogram 2010 – 2011, tilbakemelding frå kommunane.

I tråd med vedtaket i rådsmøtet 10. november låg det føre korrigert forslag til arbeidsprogram for 2010 – 2011.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det nye forslaget til arbeidsprogram 2010 – 2011 med dei endringane som kom fram på møtet.

Sak 89/2009 Strategisk næringsplan 2007 – 2010, statusrapport.

Val av styringsgruppe.

Det låg føre statusrapport pr. 31. oktober 2009. Dagleg leiar Haldor Kaasin i VTNU var tilstades og orienterte nærare om innhaldet i rapporten. Vest-Telemarkrådet har tidlegare vedteke at planen skal rullerast og leggest fram for Tinget for endeleg handsaming i juni 2010.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek den framlagte statusrapporten til vitande og finn det naturleg at landbruksprosjektet under sak 87/2009 "Landbruket i Vest-Telemark, vidare arbeid" vert knytt opp mot næringsplanen.

Når det gjeld rapportens forslag om val av ny styringsgruppe finn Vest-Telemarkrådet det naturleg at gruppa får funksjon som arbeidsgruppe medan Rådet sjølv vert styringsgruppe for planen.

Rådet sluttar seg til den foreslegne samansetnaden i arbeidsgruppa og legg til grunn at representanten frå Vest-Telemarkrådet vert valt på rådsmøtet 12. januar 2010 og at vedkomande går inn som leiar av gruppa.

Sak 90/2009 Kollektivplan for Telemark – høyringsutkast november 2009.

Forslag til uttale frå Vest-Telemarkrådet.

Trond Haugen frå Vestviken Kollektivtrafikk var tilstades i denne saken

Frå Telemark fylkeskommune låg det føre forslag til kollektivplan for Telemark og invitasjon til å kome med uttale til denne. Regionrådsleiar orienterte nærare om planen og gjorde mellom anna greie for eit prinsipielt viktig punkt gjeldande grunnskuleskyssen og forslag om overføring av kostnadsansvar til kommunane. Det låg også føre utkast til uttale i saken.

Trond Haugen orienterte nærare om kostnadsutviklinga innan grunnskuleskyssen dei siste 10 åra. Han sette også fram ynskje om å gå over til eit system med fastpris pr elev, noko som i så fall inneber trong for lovendring.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande og godkjenner det framlagte forslaget til uttale i saken.

Sak 91/2009 Prøveprosjekt med betra tilbod i fellestransporten innan TT-transporten.

Olav Norem frå Norem AS var tilstades i denne saken. Det låg føre brev frå Telemark fylkeskommune med ynskje om å prøve ut eit opplegg i Vest-Telemark der fellestransporten i TT-tenesten ikkje går til næraste kommunesenter men til eit "større handelssentrum", i prosjektet definert til Seljord.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til prosjektet og ynskjer å delta i dette. Rådet ber rådmannsutvalet finne 2 personar frå kommunane til å delta i arbeidsgruppa med tanke på nærare utforming av prosjektet.

Sak 92/2009 Orienteringssaker.

”Talenter for fremtiden” – ungdom som fell utanfor.

Ole Johnny Hansen frå NAV Telemark var tilstades og orienterte nærere om saken.

Talet på unge under 25 år som går ut av skulen før avslutta utdanning er krafing aukande. Antal unge som kjem inn i NAV-systemet har såleis auka med 69% på eitt år.

Det er ei svært viktig oppgåve å snu denne utviklinga. Vi må bry oss, finne gode tiltak og kome inn tidleg i høve til dei det gjeld. Det er mange tiltak som alt er sett i verk, men tiltaka er ikkje godt nok kjent og er heller ikkje koordinert. Konklusjonen er at vi må tenkje nytt og få til koordinering av tiltaka.

Eit tillyst seminar 18. – 19. november i regi av NAV, Fylkeskommunen, Fylkesmannen, NHO og KS måtte avlysast grunna dårleg deltaking. Seminaret vert sett opp på nytt i 2010 med von om betre oppslutning.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Prøvebustader i Vest-Telemark.

Prosjektleiar Elisabeth Lid frå VTNU var tilstades og arkitekt Sverre Sondresen deltok gjennom høgttalande telefon.

Tiltaket omfattar 6 kommunar med i alt 7 bustadprosjekt. Den fyrste bustaden er no under oppføring i Øyfjell. Finansieringa er sikra gjennom bidrag frå Telemark fylkeskommune, Fellesfondet og andre kjelder. Prosjektet er omfatta med stor interesse frå media si side og er etter kvart kjent også på nasjonalt plan.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Norsk Skieventyr/Telemark fylkeskommune - orientering og tankar om framtidig samarbeid.

Tilstades i denne saken var Tarjei Gjelstad frå Norsk Skieventyr og Bjørn Reisz frå Telemark fylkeskommune. Tarjei Gjelstad orienterte innleiingsvis om samarbeidet mellom fylkeskommunen og Norsk Skieventyr og dei ulike prosjekta dei samarbeider om.

Vidare orienterte Bjørn Reisz om det internasjonale arbeidet som Telemark fylkeskommune deltek i. Regionen vart invitert til å melde si interesse for deltaking i aktuelle samarbeidsprosjekt og gjerne inngå formelle samarbeidsavtaler med fylkeskommunen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Sak 93/2009 Ymse.

Brev frå Fagforbundets hovudtillitsvalde i Vest-Telemark.

Det låg føre brev frå Fagforbundets hovudtillitsvalde i Vest-Telemark der det vert vist til del B §1 i Hovudavtala gjeldande samarbeid og medbestemmelse.

I brevet vert det mellom anna vist til Vest-Telemarkrådet sine vedtekter og formuleringane omkring Rådet som samarbeidsorgan på alle område og alle plan. Brevet foreslår såleis at Fagforbunda vert representert med 2 hovudtillitsvalde i Vest-Telemarkrådet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet kan ikkje sjå at slik representasjon er aktuell problemstilling, og viser til at det er den enkelte kommune som avgjer egen representasjon i Vest-Telemarkrådets organ.

Moglege tilleggssaker til møtet i Tinget 15. desember.

Vedtak: På bakgrunn av at det ikkje ligg føre nye forslag til saker vert endeleg sakliste til møtet i Tinget 15. desember identisk med utkastet som vart handsama på rådsmøte 10. november.

Interkommunal psykologteneste.

Saksdokument var sendt ut separat. Hans Bakke gjorde nærare greie for saken og viste til tidlegare vedtak i Rådet der Kviteseid kommune vart bede om å søkje midlar frå

Helsedirektoratet knytt til etablering av interkommunal psykologteneste i regionen.

Tilsagn ligg no føre med svært kort tilbakemeldingsfrist.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet takkar ja til Helsedirektoratets tilsagn om tilskot til modellutprøving – psykologar i kommunehelsetenesten. Rådet legg til grunn at naudsynt egenfinansiering kjem på plass i dei enkelte kommunane.

Brukar undersøking gjeldande kommunane sitt tilhøve til Telemark fylkeskommune.

Fylkesrådmann Rolf Helge Grønås orienterte frå ei nyleg utført brukarundersøking gjeldande kommunane sitt tilhøve til fylkeskommunen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes